

Protokoll frå Årsmøte 2026

1.a) Opning ved leiar

b) godkjenning av innkalling og dagsorden

Til protokoll: 19 lokallagsmedlemmer + 1 anna medlem møtte.

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner innkalling og dagsorden

Vedtak: Framlegget blei vedtatt

2. Konstituering – val av:

a) møteleiar

Framlegg til vedtak:

Jo Rune Ugulen Kristiansen

Vedtak: Framlegget blei vedtatt

b) sekretær

Framlegg til vedtak:

Linda Kjosaa

Vedtak: Framlegget blei vedtatt

c) teljekorps

Framlegg til vedtak:

2 medlemmer i salen

Anne Frotveit og Knut Natvik

Vedtak: Framlegget blei vedtatt

d) 2 personar til å skriva under protokoll

Framlegg til vedtak: 2 medlemmer i salen

Richard Markhus og Øyvind Straumsnes

Vedtak: Framlegget blei vedtatt

3. Politisk innleiing v/ stortingsrepresentant Linda Merkesdal

a) Innleiing

b) Debatt etter innleiing

Framlegg til vedtak: Årsmøte tar innleiinga og debatten til orientering

Vedtak: Framlegget blei vedtatt

4. Utdeling av merke og diplom v/ Henriette Lien

Framlegg til vedtak: Årsmøte tar saka til orientering

Vedtak: Framlegget blei vedtatt

5. Innkomne forslag med innstillingar frå styret v/Henriette Lien

18 personar var røysteføre frå sak 5

1 - Forslag frå Aase Natvik

Forslag: Bjørnafjorden Arbeidarparti er imot bygging av hotellet ved Oseana slik teikningane viser.

Grunngjeving: Prosjektet slik det føreligg er altfor stort og øydeleggjande for alle som alt bur her.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta slik det ligg føre og saka vert vidaresendt til kommunestyregruppa.

Vedtak: Framlegget vart vedtatt slik det ligg føre

2 - Forslag frå Knut Natvik

Forslag: Bjørnafjorden Arbeidarparti går inn for ein moderat eigedomsskatt. Vidare at reglane for ein slik skatt må ta omsyn til dei som har stor formue i eigen bustad/eigedom, men lita inntekt.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert avvist i denne omgang då sist medlemsmøte stilte seg negativ til eigedomsskatt, men forslaget vert likevel sendt vidare til den komande programkomiteen.

Vedtak: Etter votering vart framlegget vedtatt slik det ligg føre med tillegget frå styret (to stemmer imot).

3 - Forslag frå Venii Strønen

Forslag: Arbeidarpartiet skal arbeide for å få ein rettferdig skatt som tilgodeser dei gruppene i befolkninga som har lav og middels inntekt. Ein ting vi kan gjere er å justere prosentsatsane i trinns-katten og eventuelt legge inn fleire trinn.

Grunngjeving: For ei meir rettferdig fordeling av skattebyrda. Befolkninga stemmer i aukande grad på populistiske parti på høgresa. Mogeleg fordi dei ikkje finn eit sosialdemokratisk parti som tydeleg representerer deira interesse. Ei medverkande årsak kan vere at mange i vår velfungerande velferdsstat ikkje er bevisst på verdgrunnlaget som låg til grunn for velferda vår og dei rettane vi har

opparbeida i arbeidslivet. Det kan vere dei som trur at ein får dei same godane uavhengig av kven som styrer. Uavhengig av årsak, viste det seg ved sist val at folk er opptatt av økonomi og skatt, og Arbeidarpartiet bør ta sikte på å stå fram som ein tydeleg representant for dei med låg og middels inntekt, og på denne måten vinne veljarar til parti med sosialdemokratiske verdiar.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og sendt vidare til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

4 - Forslag frå Trine Lindborg

Forslag: Heile Bjørnafjorden kommune skal innlemmast i same kollektivsone til liks med dei andre kommunane i Miljøløftet.

Grunngjeving: Det er ikkje akseptabelt at Bjørnafjorden kommune som ein av kommunane i Miljøløftet ikkje er omfatta av same sonestruktur som dei andre kommunane i samarbeidet. Vi har ei felles oppgåve i dette samarbeidet og det er å auka kollektivreisene og gang/sykkel for å få ned personbiltrafikken for å nå vårt felles mål om nullutslepp. At Bjørnafjorden kommune framleis er delt opp i to takstsoner bidreg ikkje til å nå felles mål, og det opplevast som urettvis at ikkje heile kommunen vår er i same takstzone. Dei andre samanslåtte kommunane rundt Bergen er innlemma i ei sone, Sone A, og det må også gjelda heile Bjørnafjorden kommune.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og sendt vidare til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti samt fylkestingsgruppa

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

5 - Forslag frå Trine Lindborg

Forslag: Arbeida for at pris på ferje vert ytterlegare redusert og på sikt gratis.

Grunngjeving: Regjeringa har teke store steg i reduksjon av ferjetakstar og så gar gjort fleire strekningar gratis. Dette arbeidet må fortsetje. Ferja er ein del av vegen. For Bjørnafjorden kommune vil det bety enormt mykje at ferja vert gratis slik at ein kan fortsetje å bygge den nye kommunen vår, og at alle innbyggjarane i kommunen skal kunne kome seg til tenestetilbod, handel, aktivitetar osv. utan at ferjeprisar skal ekskludere aktivitet internt i eigen kommune.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og sendt vidare til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti samt fylkestingsgruppa.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

6 - Forslag frå Trine Lindborg

Forslag: Auka frekvens og styrka kapasitet på ferjesambandet Hatvik-Venjanaset

Grunngjeving: Det er fleire grunnar til at kapasitet på ferjestrekninga Havik-Venjanaset no er heilt sprengt. Opning av ny veg mellom Rådal og Svegatjørn gjer blant anna at fleire vel å nytta Hatvik-Venjanaset for vidare reiser mot t.d. E-134 austover og sørover. I tillegg ser vi ein viktig auke i arbeidsplassar i tidlegare Fusa kommune (t.d. Framo og Havbruksnæringa). Fleire næringsdrivande er fortvila over at dei slit med å få tak i personell som følgje av manglande kapasitet og frekvens på ferjesambandet. Dette gjeld også forhold for pendlarparkering og venterom.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og sendt vidare til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti samt fylkestingsgruppa.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

7 - Forslag frå Trine Lindborg

Forslag: Bjørnafjorden Arbeidarparti vil stoppa arbeidet med bru over Bjørnafjorden (E-39 Hordfast midtre trase)

Grunngjeving: Noreg har gjennom nasjonale målsettingar og internasjonale avtalar forplikta oss til å kutta utslepp av farlege klimagassar og sikra ei berekraftig utvikling der ingen artar eller naturtypar skal gå tapt. Store deler av klimagasskutta skal gjerast i transportsektoren, og samferdsleutbyggingar må i åra som kjem ta større omsyn til jordvern, natur og miljø. Klimaendringane skapar auka fare for flaum og ras som må handterast med kostnadskevjangande tiltak som ein knapt har fullt oversyn over i dag.

Motorvegprosjektet Hordfast må skalerast ned og ny indre trase må utgreiast. Bru over Bjørnafjorden og firefelts veg over Reksteren kan då endrast til ein to-felts veg som går frå Stord over Langenuen og på austsida av Tysnes mot gamle Fusa kommune (Bjørnafjorden aust) Ein slik trase vil kunne verte kopla til E-134, leia trafikk utanom Bergen og sikra direkte tilknytning til Ringveg øst, E-16 og jernbane. Ei slik løysing vil kunne skalerast ned til to-felts veg med midtdelar, noko som igjen vil kunne redusera dei store naturinngrepa. Ei slik løysing vil gje kommunar og næringsliv både i Midthordland, Sunnhordland, Hardanger og Bergen langt betre kommunikasjonar og korridorar aust-vest og nord-syd og dermed gje auka samfunnsnytte for langt fleire folk og samfunn.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og sendt vidare til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti samt fylkestingsgruppa og Hordalandsbenken på Stortinget.

Endringsforslag til styret sitt framlegg frå Anne Frotveit: legge til på Stortinget etter Hordalandsbenken. Liknande endring vert gjort som del av korrektur i resten av vedtaka.

Vedtak: framlegget frå styret blei vedtatt med endringsforslag frå Anne Frotveit.

8 - Forslag frå Trine Lindborg

Forslag: Trygge vegar og auka samfunnsnytte for fleire er oppgåve nummer 1. for samferdsle i Vestland. Liv og helse først, rassikring og prioritering av oppgraderte strekningar mellom fjordkryssingane.

Arbeidarpartiet set liv og helse først. Vegprosjekt der det er høg ulykkesfrekvens og stor rasfare skal prioriterast. Vedlikehald og ras- og tunnelsikring av fylkesvegane må aukast kraftig. Det same gjeld midlar til utbetring og vedlikehald av bruar. Oppgradering av smale fylkesvegane til standard med gul midtstripe er viktig. Det er eit stort etterslep på vegvedlikehaldet i Vestland. Samtidig er ei rekke nye vegprosjekt under planlegging. Sjølv om behovet er stort er det ikkje realistisk at vi vil få statleg finansiering til alle dei ønska vegprosjekta samtidig. Det vil derfor oppstå ei rekke situasjonar der dei ulike kommunestyra og fylkestinget må prioritere kva vegprosjekt som er viktigast for oss. Vestland Arbeidarparti meiner at omsynet til liv og helse må vega tyngst når ulike prosjekt vert vurdert mot kvarandre. For å auke samfunnsnytta til Hordfastprosjektet må indre trase vurderast på nytt, slik selskapet Nye veier fleire gonger har teke til orde for. Heile indre trasé kan byggast både som 2- 4-felts veg, i motsetning til den planlagde midtre trasé med bru over Bjørnafjorden. Indre trasé vil dessutan knyte indre og ytre delar av fylket saman, jf.. Hordalandsdiagonalen. Ferjefri E39 vil gje ein samanhengande, trafikksikker veg på Vestlandet og leggja eit solid grunnlag for framtidig verdiskaping. Dette føreset at det vert prioritert å sikra ei fungerande trafikkavvikling rundt Bergen, og ikkje minst eit løft for vegstandard og rassikring mellom fjordkryssingane. Dette vil gje langt fleire kommunar og næringsliv synergi av utviklinga.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og sendt vidare til kommunestyregruppa, årsmøtet i Vestland Arbeidarparti samt fylkestingsgruppa og Hordalandsbenken på Stortinget.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

9 - Forslag frå Trine Lindborg

Forslag: Bjørnafjorden Arbeidarparti skal lokalt jobbe for å auke talet på lærlingar i kommunen og sikre minst 2 lærlingar pr.1000 innbyggjar. Vi skal også støtte opp om alle andre tiltak som kan få kvalifisert fleire inn i arbeid, t.d. Menn i helse, Fagbrev på jobb og andre initiativ som kvalifiserer og inkluderer fleire i arbeid.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og sendt vidare til kommunestyregruppa.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

10 - Forslag frå Richard Markhus

Forslag: Sikre at det ikkje vert bygd nye eller oppgraderer gamle utanlandskablar for overføring av vasskraft frå Norge til Danmark, Tyskland, EU og Britannia.

Grunngjeving: Vasskrafta er den krafta Norge og norsk industri blei bygd opp med. Kraftsystemet som er tenkt framover blir til stor hinder for norsk industri, då krafta blir ei handelsvare som eigarane (blant anna stat og kommunar) vil hente større profitt utav. Med framtidig aukande pris på straum og nettleige er det mange næringsdrivande, små som store som mister konkurransekraft i lokalt,

nasjonalt og globalt marknad. Husstandane vil og få ei betydeleg auke i pris. Reguleringsmyndigheita i NVE (RME) har forslått å styrke straumnettlet for framtidig beredskap, som igjen medfører auke i nettleige.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og sendt vidare til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti - sjølv om ein meiner at dette er ivaretatt i gjeldande politikk.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

11 - Forslag frå Richard Markhus

Forslag: Ikkje elektrifisera meir av Norsk oljesokkel med vasskraft

Grunngjeving: Gass som blir henta opp frå brønner kan lage straum på plattformer. I dag eksporterer ein gass til Europa til god pris, og ein treng ikkje eksportere all gass, men bruke noko av gassen til å lage straum på plattformer. Behovet for straum på fastlands Norge er av stor betydning, og utan straum blir det redusert utvikling av industri og arbeidsplassar.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget støttast med følgande endring: Dei to første setningane i grunngjevinga vert teke ut. Forslaget vert sendt vidare til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

12 - Forslag frå Richard Markhus

Forslag: Redusere formueskatten på arbeidande kapital

Grunngjeving: Skatt på arbeidande kapital er en skatt den som bedriftseigar må betale fordi den «eig næringskapitalen» i bedrifta gjennom aksjane sine. Ein skatt bedrifta betaler uavhengig av om ei bedrift går godt eller slit med underskot. Dette er kapital som bedriftseigar kan bruke til investering, i tillegg sikre arbeidsplassar.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert ikkje støtta.

Grunngjeving: Begrepet «arbeidande kapital» er eit politisk konstruert uttrykk som gir eit misvisande bilete. All kapital har som formål å gi avkastning, og det er derfor ikkje grunnlag for å gi særskilte skattelettar til enkelte formuetypar. Formueskatten bidreg til omfordeling og eit rettferdig skattesystem, og bør også omfatte eigarskap i næringslivet. Regjeringa er allereie i gang med eit grundig tverrpolitisk utredningsarbeid i forhold til skattesystemet, og ein ønsker å vente på resultatet av Knutsen-kommisjonen før ein tek stilling til ein reduksjon av formueskatten.

Forslagsstillar trekker forslaget.

13 - Forslag frå Richard Markhus

Forslag: Fjerna ventetida på støtta frå staten til å byggja idrettsanlegg (dei såkalla spelemidlane).

Grunngjeving: Eit prosjekt skal vera fullfinansiert for å komme i posisjon for å søke spelemidlar. Søknaden skal vera godkjent frå kommunen før den blir sendt inn til godkjenning i fylket. Godkjent av fylket går den vidare til departementet for godkjenning. Normalt sett går det fleire år før støtta frå staten blir realisert, og tiltakshavar må finne aktør til å forskottere midlane. Det er ikkje alltid enkelt. I eit folkehelseperspektiv er det ei god investering å legge til rette for aktivitet, både for unge og eldre. Utgiftene staten får her er småpengar sett i relasjon til dei enorme kostnadane Norge har til etterbehandling. Og – staten må bruka «friske» midlar til folkehelse og førebygging og ikkje lena seg berre på overskotet til Norsk Tipping.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta med følgande endring: Siste setning i grunngjevinga vert tatt ut. Saka vert sendt vidare til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

14 - Forslag frå Richard Markhus

Forslag: Justera opp statsstøtta til bygging av idrettsanlegg slik at dei samsvarar med eksisterande kostnadsnivå.

Grunngjeving: Grunna prisstigning samt ekstra utgifter med å oppfylla dei nye bygningstekniske krava/miljøkrava som dukkar opp. Frå 2010 auka kostnadane med ca. 23 % fram til 2018. Frå 2018 og fram til no har kostnadane for å byggja idrettsanlegg dobla seg. Frå departementet står det i rettleiaren at «Det kan søkast om tilskot på inntil 1/3 av godkjente kostnader». Denne bør aukast frå 33,3 % til 50%.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og oversendt til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

15 - Forslag frå Richard Markhus

Forslag: Automatisk 100% momsrefusjon når idrettslag byggjer og driftar idrettsanlegg.

Grunngjeving: Stimulera til meir utvikling av idrettsanlegg og nærmiljøanlegg for å holde aktiviteten oppe, samt å stimulera til høgare aktivitet.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og oversendt til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

16 - Forslag frå Richard Markhus

Forslag: Auka støtte til drift av idrettslag som ein honnør for folkehelsearbeidet som vert utført på dugnadsbasis. Staten må vera med å bidra økonomisk.

Grunngjeving: Utgiftene staten får her er småpengar sett i relasjon til de enorme kostnadane Norge har til etterbehandling. Og – staten må bruka «friske» midlar til folkehelse og førebygging og ikkje lene seg berre på overskotet til Norsk Tipping. Dugnad: Felles innsats for å oppnå eit felles gode

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget støttast med følgande formulering av forslaget: Auka støtte til drift av idrettslag til folkehelsearbeid utført på dugnad. Staten må bidra meir slik at ein slepp å berre lene seg på overskotet til Norsk Tipping. Forslaget vert oversendt til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

17 - Forslag frå Richard Markhus

Forslag: Jobbe for å få lagt drikkevatten til bustadar på Bergegrend (Lambanesbrotet til Djupedal)en)

Grunngjeving: Det er lagt drikkevatten frå kommunalt vassverk til bebuarar på Lambanesbrotet. Der ligg det enkelt til rette for å kopla seg til vidare infrastruktur til Bergegrend. Det er fleire som i dag må kjøpa drikkevatten i Bergegrend.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og oversendt til kommunestyregruppa.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

18 - Forslag frå Richard Markhus

Forslag: Bjørnafjorden Arbeidarparti er uroa over at tempoet i omstilling og dimensjonering av kommunale omsorgstenester er for høgt. Partilaget vil derfor jobba vidare for å fremja denne bekymringa både i kommunestyret, utval og i det komande programarbeidet.

Grunngjeving: Bakgrunnen for forslaget er sak 102 i Bjørnafjorden kommunestyre, 30. oktober om dimensjonering der ein legg opp til ei rask omstilling med ei nedbygging av institusjonsplassar og ei oppbygging av omsorgsbustadar.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og vidaresendt til kommunestyregruppa samt som innspel til framtidig programarbeid.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

19 - Forslag frå Henriette Lien

Forslag: Fjerne tiggjarforbodet. Vi vil endre politilova §14 Politivedtekter, nr. 8, slik at kommunane ikkje lenger kan innføra lokale forbod mot tigging.

Grunngjeving: Det må vera lov å be om hjelp, og det må vera lov til å yta hjelp. Vi har andre lover og vedtekter som regulerer negative sider av tigging, som til dømes straffelova. Det er eit grunnleggjande prinsipp at ein kvar har lov til å be om hjelp. Sjølv i eit land som Noreg der vi har eit godt sikkerhetsnett, kan menneske koma til å ha behov for hjelp ut over dette. Det er ikkje negativt at folk tiggjar dersom alternativet er vinningskriminalitet. Fleire politistasjonssjefar har uttalt at dei ikkje treng eller ønskjer eit tiggeforbod.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og vidaresendt til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

20 - Forslag frå Henriette Lien

Forslag: Reversere kutt i overgangsstønad

Grunngjeving: Kuttet i overgangsstønad rammer i særskilt grad valdsutsette kvinner og gjer det vanskelegare for dei å bryta ut av det valdelege forholdet. Vi ønskjer derfor å reversera kuttet i statsbudsjettet, og at det vert sett på andre løysingar i staden.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og vidaresendt til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti og Hordalandsbenken på Stortinget.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

21 - Forslag frå Henriette Lien

Forslag: Vi ber om at det vert gjennomført ein grundig gjennomgang av NAV sine retningslinjer for korleis ein kommuniserer med pårørande til nyleg avlidne born.

Grunngjeving: Vi veit at foreldre og søsken har opplevd at kommunikasjonen med NAV ved slike dødsfall har vore ei ekstra belastning. Sjølv om ein kan forstå at offentlege etatar har eit behov for å vera formelt korrekte i kommunikasjonen sin, kan det umogleg skada med eit større fokus på menneskelege omsyn i slike situasjonar.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og vidaresendt til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

22 - Forslag frå Henriette Lien

Forslag: Syta for beredskapslager for mat til personar med cøliaki

Grunngjeving: Ein må også syta for at det også vert lagra mat til personar med cøliaki. Dei kan ikkje nyttiggjera seg av til dømes vanleg matkorn.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og vidaresendt til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

23 - Forslag frå Henriette Lien

Forslag: Større fokus på kvinnehelse

Grunngjeving: Vi vil ha endå større fokus på kvinnehelse. Vi er glade for at regjeringa har teke grep i rett retning, men det trengs endå større satsingar på både forskning, kunnskap og behandling av «kvinnesjukdommar».

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og vidaresendt til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

24 - Forslag frå Styret i Bjørnafjorden Arbeidarparti

Forslag: Behalde avdeling D, kvinneavdelinga i Bergen fengsel

Grunngjeving: Kvinner i fengsel må behandlast betre. Bjørnafjorden Arbeidarparti støttar kampen om å behalda avdeling D i Bergen fengsel. Vi støttar Fellesorganisasjonen (FO) sitt arbeid for betre soningsforhold for kvinner, og vi støttar prinsippet om likeverdige soningsvilkår og nærleiksprinsipp. Det må sikrast likeverdige soningsforhold i heile landet. Det gjeld særskilt tilgang på relevant arbeidstrening og opplæring, samt moglegheit til å halda kontakten med barn og familie.

Det at kvinner er i mindretal og utgjer ein minoritet i norske fengsel, rettferdiggjjer ikkje ein diskriminerande praksis.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og vidaresendt til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret

25 - Forslag frå Styret i Bjørnafjorden Arbeidarparti

Forslag: Bjørnafjorden Arbeidarparti er bekymra over at verdigrunnlaget til Arbeidarpartiet er for lite synleg i utspela og politikken frå sentralt hald. Vi ber om at desse verdiane kjem tydeleg fram i alt vi gjer.

Grunngjeving: Arbeidarpartiets verdigrunnlag bygger på tre kjerneverdier: fridom, likskap og solidaritet. Dette er grunnpilarane i eit sosialdemokratisk samfunn der alle menneske er like mykje verd og skal ha reelle moglegheiter i livet. Desse verdiane kjem for lite fram i den offentlege debatten.

Styret sitt framlegg til vedtak: Forslaget vert støtta og oversendt til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti.

Endringsforslag til styret sitt framlegg frå Venii Strønen: tydelegare, ikkje tydeleg.

Vedtak: framlegget vart vedtatt slik det ligg føre, med tillegget frå styret og endringsforslaget frå Venii Strønen.

6. Årsmelding 2025 styret v/ leiar Henriette Madel Mori Lien

17 personar var røystefør frå sak 6.

Årsmelding for Bjørnafjorden Arbeidarparti 2025

Årsmøtet 2025

Årsmøtet til Bjørnafjorden Arbeidarparti blei heldt i kommunestyresalen. 29 lokallagsmedlemmar, 2 andre medlemmar og 6 gjester møtte. Politisk innleiing v/ fylkesvaraordførar Stian Davis og appell v/ leiar i AUF i Vestland Noah Sellevoll.

Styret si samansetting (per 31.12.25)

Leiar Henriette M.M. Lien
Nestleiar Rune Hansen
Kasserar Morten Jensen
Sekretær Linda Kjosaa
Medlemsansvarleg Venii Strønen
Kvinnepolitisk kontakt June Morfjord
Medlem Agnete Digranes Aarvik
Medlem Stian Lien
Medlem Lisbeth Prestøy Haugland
Vara 1
Vara 2
Vara 3 Gruppeleiar

Styret har hatt sin virkeperiode frå årsmøtet 28. januar 2025 til årsmøtet 19. januar 2026. Tone Hepsøe gjekk ut av styret tidleg 2025 grunna flytting og 1. vara rykka opp som fast medlem. Hans Petter Ringkjøb fekk innvilga permisjon frå 01.07.2025 og 2. vara rykka opp som fast medlem.

Styret har hatt 9 styremøte i perioden og har handsama 72 saker. Vara var innkalla til alle styremøta. Gruppeleiarane Trine Lindborg/Line Furubotn Storum har stilt på styremøta.

Medlemsutvikling

Vi er per 31.12.2025, 177 registrerte medlemmer. Kommunepartiet har fått 20 nye medlemmer i 2025. Det er ei formidabel utvikling då ein i 2024 berre hadde tre nye medlemmer.

Medlemsmøte

Bjørnafjorden Arbeidarparti har hatt 5 medlemsarrangement i 2025
26/1 Årsmøte Bjørnafjorden Arbeidarparti på rådhuset.
20/5 Ope møte i Eikelandsosen om kommuneplanens arealdel (KPA).
17/6 Ope møte med Ulvar Akselsen, 6. kandidat til Stortinget for Vestland Arbeidarparti. Tema var Stortingsvalet og den politiske situasjonen.

1/10 Medlemsmøte på rådhuset. Tema var kommuneplanens arealdel (KPA) med workshop. 18/11 Medlemsmøte Budsjett 2025, innleiar kommunedirektør Arild McClellan Steine.

1. mai arrangementet 2025

Bjørnafjorden Arbeidarparti arrangerte 1.mai i lag med SV og LO i Bergen og Omland i Kløvertun. Vi gjennomførte ei verdig markering i Minneparken, med flaggborg og det blei lagt ned kransar. Hovudtalar var kulturminister Lubna Jaffery. Fagpolitisk appell v/ Christoffer Heggholmen, Fellesforbundet. Ungdomsappell v/ Jonas Foldnes frå Sosialistisk Ungdom. Internasjonal appell v/ Linda Kjosaa og appell frå Norsk Folkehjelp v/Anne Åsheim. Arrangementet var svært godt besøkt av store og små.

Kurs og skulering Arbeiderpartiet/Vestland Ap (VAP)

Henriette Madel Mori Lien og June Morfjord har deltatt på samlingsbasert leiarskulering.

Årsmøte Vestland Arbeidarparti 1. og 2.mars

Desse var valde delegatar frå Bjørnafjorden Ap

Henriette M.M. Lien

Hans-Kristian Ringkjøb

Trine Lindborg

Line Furubotn Storum

Stian Lien

Representantskapet i Vestland Arbeidarparti 18. oktober

Desse var valde delegatar frå Bjørnafjorden Ap

Henriette Madel Mori Lien

Jo Rune Ugulen Kristiansen

Rune Hansen

Observatør: June Morfjord

Faglegpolitisk konferanse 23. og 24. mai

Vald delegat frå Bjørnafjorden Ap

Rune Hansen

Kvinnenettverket Vestland Arbeidarparti

Kvinnekontakt, June Morfjord deltok på Fernanda Nissen seminar 22. og 23. november på Youngstorget. Det var ei veldig fin samling med fokus på politiske og kvardagslege utfordringar for kvinner. Seminaret var leia av Astrid Hoem og kvinner frå ulike parti fekk dele synspunkt og skape relasjonar.

Har deltatt på 3 digitale møte med kvinnenettverket i Vestland.

Raud kafé

I 2025 har vi fortsett med dei faste treffa på Kafé Glede på AMFI Os den første laurdagen i månaden, der ein kan møtast i uformell samanheng og prata. Styret ser på desse faste arrangementa som svært vellukka. Ein har òg hatt eit liknande opplegg i Eikelandsosen.

Andre aktivitetar

Partilaget har delteke med stand og vore til stade på vårslepp på Osøyro, marknads dagar og Bondens dag. Styret set også stor pris på at representantar for partilaget er synlege i offentlegheita og deltek i mange ulike samanhengar utan at dei primært er der som representantar for partilaget. Det har også vore gjennomført fleire møter med ulike grupper av innbyggjarar i kommunen, som gjerne har teke kontakt med partilaget i samband med aktuelle saker. Styret ønskjer også å takka dei som snakkar om våre løysingar og vår politikk i alle andre samanhengar. Dette er svært viktig for å nå ut til innbyggjarane.

Valkamp 2025

Valkamputvalet starta arbeidet i mars 2025, og hadde 7 medlemmar. Rune Hansen Henriette Lien Jo Rune Ugulen Kristiansen Richard Markhus June Morfjord Morten Jensen Line Furubotn Storum Rune Hansen vart vald til leiar, men då han fekk nye viktige verv i fagforeininga vart Line Furubotn Storum ny leiar i sommar. Frå i sommar vart det haldt møte to gonger i veka lokalt, mens leiar i tillegg hadde møte med valkamputvalsleiarane i Vestland ein gong i veka. Samarbeidet med Vestland og sentralt fungerte godt.

Bjørnafjorden har i valkampen delt ut 1065 roser og 60 bananar, og vi banka på 150 dører, og hatt 23 stands og kaffiaksjonar på begge sider av fjorden. Vi har hatt 27 frivillige i sving, men mange av dei same tok dei tyngste taka, og stilte på valkampaktivitetar helg etter helg. Vi treng at fleire bidreg i framtidige valkampar. Vi har hatt besøk av Lubna Jaffrey Rune Bakervik, Linda Merkesdal, Benjamin Jakobsen og June Trengereid Gruer.

Det har ved fleire høve vore forsøkt å kontakte AUF både ved skuleval og ynskje om besøk, men der har det vore liten respons. Vi fekk mykje skryt for vår innsats i sosiale media og for kreative stands frå dei andre lokalpartia, og veljarar vi møtte undervegs.

Bjørnafjorden gjorde ein god valkamp, og oppnådde det beste resultatet sidan 2009. Valkamputvalet vil få takka alle som deltok i valkampen! Vi er eit godt lag, og det er både kjekt og inspirerande å driva valkamp saman!

Oppsummering

Styret har i 2025 hatt eit år med normal aktivitet. Samarbeidet med kommunestyregruppa, via gruppeleiarane Trine Lindborg og Line Furubotn Storum har vore godt. Styret er svært nøgd med at gruppeleiarane og andre medlemmar av kommunestyregruppa er godt synleg i lokalpressa. Styret er svært nøgd med at Arbeidarpartiet gjorde sitt beste val i Bjørnafjorden (Fusa og Os) sidan 2009.

Medlemsmøte/opne møte og Raud kafé har hatt høg prioritet dette året, og styret meiner at slike sosiale arenaer er viktige for partilaget.

Styret er svært nøgd med å ha fått gjennomslag for nesten alle sakene som Bjørnafjorden Ap spelte inn til Vestland Ap sitt årsmøte.

Styret vil også berømma det gode budsjettframlegget til kommunestyregruppa som vart lagt fram i kommunestyret i desember.

Styret vil få takka kommunestyregruppa, medlemmar og alle som har delteke på dugnad ved ulike tilstellingar for eit godt samarbeid i 2025. Vi vil avslutningsvis takk alle medlemmane for engasjementet de viser, innspela de kjem med og tilbakemeldingane styret får, både i form av ris og ros. Takk!

Henriette Madel Mori Lien, Rune Hansen, Morten Jensen, June Morfjord, Venii Strønen,
Stian Lien, Agnete Digranes Aarvik, Lisbeth Prestøy Haugland og Linda Kjosaaas

Framlegg til vedtak: Årsmøte tar årsmeldinga til orientering

Vedtak: Framlegget blei vedtatt

7. Årsmelding 2025 kommunestyregruppa v/ Jo Rune Ugulen Kristiansen

Bjørnafjorden Arbeidarparti

Kommunestyregruppa.

ÅRSMELDING 2025

Kommunestyregruppa består av 6 faste representantar og 9 vararepresentantar.

Faste representantar: Trine Lindborg, Richard Markhus, Line Furubotn Storum, Helge Steinum, Julia Vetaas, Jo Rune Ugulen Kristiansen. Julia Vetaas har hatt foreldrepermisjon i 2025 og Tim Henrik Sperrevik har møtt fast i hennar stad.

Vararepresentantar: Tim Henrik Sperrevik, Øyvind Straumsnes, Atle Kvåle, Ivar Hellebø, Kjersti Lyssand Lindbom, Carl Andre Dahl, Linda Kjosaas, Trude Helland, Åse Kristin Uglehus

Møtande vara i kommunestyret i 2025_har i tillegg til Tim Henrik Sperrevik vore: Øyvind Straumsnes, Ivar Hellebø og Linda Kjosaas.

8 kommunestyremøte i 2025

Fordeling i utval:

Bjørnafjorden formannskap: Helge Steinum og Trine Lindborg

Vararepresentantar.: Line Furubotn Storum og Jo Rune Ugulen Kristiansen

Det er dessverre same status frå formannskapet som i fjorårets årsmelding. Krevjande saker med stort fokus på den økonomiske situasjonen til kommunen. Vore viktig for Ap sine representantar å vere konstruktive og samstundes målbera vår politikk. Vi må spørje mykje og utfordre mykje for å sette saker på dagsorden. Dette gjeld spesielt saker som er vedtekne i Frp/H sitt budsjett som går på konkurranseutsetjing og nedtrekk/reduksjon av talet på tilsette. Dette året har dimensjonering av omsorgstenester og bemanningssituasjonen på FBBF vore i fokus. Ordførar og posisjonspartia deler svært lite informasjon med formannskapet og er lite mottakelege for våre innspel. Dette opplever vi som svært krevjande og lite samlande. I tillegg har belastninga vore ekstra høg når fleirtalet valde å legge arealplanarbeidet over frå PBM til Formannskapet. Jobben med den nye planen for heile Bjørnafjorden er eit svært arbeid som vi svært gjerne skulle sett at PBM i mykje større grad "eigde". Trine har i desember vore med ordførar og varaordførar til dialogmøte/avklaringar med Statsforvaltar på planprogrammet for ny arealplan.

10 Formannskapsmøte i 2025

3 møter i valnemnda (som del av Formannskapsmøta)

2 møter i Klagenemnda (som del av Formannskapsmøta)

Plan-, bygg- og miljøutvalet: Line F. Storum - medlem og opposisjonsleiar. Medlem av AU.

vararepresentantar: Øyvind Straumsnes (møtt), Trine Lindborg

Situasjonen i PBM er mykje den same som for 2024. Det er framleis krevjande at posisjonen som stort sett også inkluderer INP eller vara frå Krf. vel å snu mange saker sjølv som ein veit blir ein evig runddans fordi ei ikkje fyller lovkrava. I dei store sakene som omhandlar t.d. Områdeplan for Osøyro, vel utvalet å dispensere frå ny plan allereie ved første moglegheit. Det har også skuffa mange innbyggjarar at fleirtalet i utvalet valde å godkjenne planprogrammet for Mobergsneset (Hotelltomta) og la den på høyring, -utan å redusere høgde og legge inn rekkeføljekrav på t.d. parkering.

Line har gjort ein veldig god jobb både i førebuing og gjennomføring av møta. Vi har hatt gode gruppemøte internt før utvalsmøta, og Line har hatt gode rundar og godt samarbeid i forkant av utvalsmøta med Sp og MDG sine representantar. Line har også delteke på dei meklingsmøta som ordførar har leia hos Statsforvaltar og vore med då departementet var på synfaring kring Døsjaelva (Næringsområde).

10 møte i PBM i 2025

Tenesteutvalet: Jo Rune Ugulen Kristiansen- medlem

Vararepresentantar: Tim Henrik Sperrevik (møtt), Kjersti Lyssand Lindbom

Jo har teke ein framtrekande plass for Ap i tenesteutvalet som var oppretta igjen ved valet 2023. Ap har også i 2025 hatt ei sterk og tydeleg røyst som set dagsorden og som utfordrar og spør/etterspør. Konstruktiv og løysningsorientert tilnærming som også får utvalet med seg litt på kryss og tvers politisk. Fortsett mange orienteringssaker, men utvalet har no beslutta å gå endå tettare på prosjekta i innsatstrappa/bustadtrappa, -så vi får sjå korleis møta og vedtaka vil bli utover som sakene kjem til politisk handsaming i 2026..

8 møte i Tenesteutvalet i 2025

Kontrollutvalet: Richard Markhus - leiar

vararepresentant: Anne Frotveit (nyvald hausten 2025 då Tone Hepsøe fekk fritak pga. flytting frå kommunen)

Åsjord Økonomi og Rettshjelp AS. Ein har jobba med å legge inn saksoppbygging slik som resten av utvala sine saker blir frå sekretariat for kontrollutvalet. Richard som leiar av kontrollutvalet har ein god dialog med sekretariatet kvar veke. Utvalet jobbar godt og er førebudde til kvart møte. Klarer i stor grad å vera samstemte, og lite politikk i møta. Det er fleire saker som har vore engasjerande og krevjande for kontrollutvalet dette året, bl.a. sal av kommunale eigedomar og politisk og administrativ handtering av dette. Utvalet melder om god takhøgde for ulike meiningar og diskusjonar. Utvalet ved leiar opplever framleis at mange innbyggjarar trur at Kontrollutvalet er eit klageorgan. Utvalet skal jobba med plan for kommunikasjon ut til innbyggjarane på kva kontrollutvalet sine oppgåver er.

6 møte i Kontrollutvalet i 2025

Administrasjonsutvalet: - Trine Lindborg - medlem

4 møter 2024

Eigedomsutvalet: - Helge Steinum - medlem

Vararepresentant: Trine Lindborg

2 møter i Eigedomsutvalet i 2025

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

1.vara: Henriette Madel Mori Lien

Bjørnafjorden eldreråd:

3. vara: Åse Vaksinen Sælensminde

2025 kort oppsummert:

Trine Lindborg vart gruppeleiar etter valet 2023, og det vart i tillegg supplert med gruppeleiar 2 Line Furubotn Storum frå 2024. Det har vore ein stor styrke for kommunestyregruppa at ein har kunna delt på gruppeleiaroppgåver, både praktisk og politisk.

Vi har i løpet av året klart å ha ein god struktur på gruppemøta. Vi har prøvd å gjennomføre dei fleste møta fysisk. Har ved dårleg vær eller andre utfordringar gjennomført møta på Teams. Dette har fungert veldig bra, spesielt på hausten og vinteren med krevjande køyreforhold osv.

I tillegg har vi svært god erfaring med å ta eit førebuingsmøte/samsnakk på Teams(torsdagar) i forkant av Kommunestyremøta. Dvs. vi saksfordeler og tar korte drøftingar torsdagar og har ordinært gruppemøte måndag i forkant av kommunestyremøta (torsdagar) Dette skaper tryggleik og meir ro til førebuing inn mot kommunestyremøta. Målet vårt som gruppe er å vere synlege, konstruktive og målbera vår politikk. Då er det viktig at vi bygger laget og får alle på talarstolen når ein føler seg trygg. Vi heier på kvarandre og vi hjelper og støtter kvarandre. Vi har også hatt saker med gode diskusjonar kor vi på førehand er einige om å dele oss i votering. Det er godt å vere trygg på at vi kan ha slike drøftingar og diskusjonar internt. Vi avstemmer sjølvstøtt mot eige budsjett og valprogram. Det er også god kontakt inn mot styret i saker vi er usikre på og kor vi treng oppbakking. Vi ønsker å legge ein meir målretta strategi for kommunikasjon og synlegheit utover i 2026,- vi må starta valkampen for 2027 no.

Nokre av alle dei viktige sakene for kommunestyregruppa i dette året har vore:

- Dimensjonering av tenestetilbodet innan pleie og omsorg. Vi meiner at tempoet på nedtrekka er for høgt og at det må brukast meir pengar for å kunne førebyggja samstundes.
- Jobbe for meir midlar til psykisk helse og rus, spesielt inn mot born og unge, ref. forvaltningsrevisjonen.
- Jobbe mot privatisering av kommunale tenester.
- Auke talet på lærlingar og andre former for kvalifisering av personell
- Samferdsel, trafikksikring, soknestruktur på kollektiv, ferjekapasitet

- Førebygging på alle nivå både for born, unge og eldre
- Meir midlar til fysiske skulebøker.
- Trygge kommunale tenester for innbyggjarane, -og trygge tilsette
- Godt og variert næringsliv med føreseielege og rettferdige rammer.
- Openheit og transparens, rettferdig behandling,
- Vere tett på idrettslaga for å forstå utfordringsbiletet og deira behov for midlar og tiltak/anlegg.
- Klima og miljøtiltak, ein føreseieleg, praktisk og rettferdig arealpolitikk som heng saman.
- Innbyggjar før utbyggjar. Vi må hugse kva som gjer Bjørnafjorden "attraktiv".

Gjer medlemmane merksame på at dei kan lese alle sakspapir til dei ulike møta ved å gå inn på kommunen si heimeside, trykke på møteplan og så opne dei ulike møta. Alle møta i Kommunestyre, Formannskap, Plan Bygg og Miljø og Tenesteutvalet kan ein også sjå både live og i opptak. Dette gjer ein på Kommune-TV som det også ligg link til på kommunen sine nettsider.

Bjørnafjorden 15.01.2026

Trine Lindborg - gruppeleiar

Line Furubotn Storum - gruppeleiar

Framlegg til vedtak: Årsmøte tar årsmeldinga til orientering

Vedtak: Framlegget blei vedtatt

8. Rekneskap 2025 v/kasserer Morten Jensen/revisor

Framlegg til vedtak: Årsmøte godkjenner rekneskap for 2025 og tar revisjon til orientering.

Vedtak: Framlegget blei vedtatt

9. Budsjett 2026 v/ kasserer Morten Jensen

Framlegg til vedtak: Årsmøte godkjenner budsjett for 2026

Vedtak: Framlegget blei vedtatt ved akklamasjon

10. Val i følgje vedtektene v/Øyvind Straumsnes

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner innstillinga frå Valnemnda

Valkomiteen si innstilling:

Forslag styre Bjørnafjorden Arbeidarparti

Leiar:	Henriette Madel Mori Lien	Ikkje på val (ok)
Nestleiar:	Linda Kjosaas	Veljast for 2 år (ok)
Sekretær:	Agnete Digranes Aarvik	Veljast for 1 år (ok)
Medlemsansvarleg:	Venii Karin Strønen	Veljast for 2 år (ok)
Kvinnepolitisk:	June Morfjord	Veljast for 2 år (ok)
Kasserer:	Morten Jensen	Veljast for 2 år (ok)
Medlem:	Hans-Kristian Ringkjøb	Ikkje på val (ok)
Medlem:	Stian Lien	Ikkje på val (ok)
Medlem:	Rune Hansen	Veljast for 1 år (ok)
1 vara:	Isak Skåtøy	Veljast for 1 år
2 vara	Kjersti Lyssand Lindbom	Veljast for 1 år
3 vara	Gruppeleiar	Løypande

Representantar årsmøte i Vestland Arbeidarparti

	Faste medlemmar	Vara kvinner	Vara menn
1	Henriette Madel Mori Lien	June Morfjord	Jo Rune Ugulen Kristiansen
2	Linda Kjosaas	Agnete Digranes Aarvik	Carl Andre Dahl
3	Trine Lindborg	Line Storum	Stian Lien
4	Richard Markhus	Kjersti Lyssand Lindbom	Øyvind Straumsnes
5	Morten Jensen	Venii Karin Strønen	Viggo Furubotn

Representantar Representantskapet Vestland Arbeidarparti

	Faste medlemmar	Vara kvinner	Vara menn
1	Linda Kjosaas	June Morfjord	Richard Markhus
2	Henriette Madel Mori Lien	Agnete Digranes Aarvik	Stian Lien

3	Morten Jensen	Kjersti Lyssand Lindbom	Carl Andre Dahl
4		Venii Karin Strønen	Viggo Furubotn

Fagpolitisk samarbeidskomité Arbeidarpartiet og LO i Bergen og Omland

	Faste medlemmar	Vara
1	Rune Hansen	Ingvild Jansen
2	Henriette Madel Mori Lien	Stian Lien
3	Øyvind Straumsnes	

Revisorar

1	Øyvind Tøsdal
2	Viggo Furubotn

Vedtak: Framlegget blei vedtatt slik det ligg føre, med akklamasjon.

11. Val av valnemnd 2026 v/styret

Framlegg til vedtak:

1. Richard Markhus
2. Ingeborg Halsne
3. Ingrid Skåtun
4. Carl Andre Dahl.
5. Vara: be om frivillig på årsmøtet

Vedtak: Framlegget blei vedtatt ved akklamasjon slik det ligg føre med følgande tillegg: vara er Viggo Furubotn.

12. Slutt

Osøyro, den 18. januar 2026

Linda Kjosaa

Linda Kjosaa

Sekretær

Underskrift

Vi stadfester at det som står ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke under årsmøtet.

29.1.2026
Richard Markhus

[Signature]